



Adressatar etter liste

Saksbehandlar, innvalstelefon

Ove Midtbø, 5764 3176

Til uttale - søknad - opningstider handel - Stad - typisk turiststad Selje - 15.mai til 15.september

Statsforvaltaren har 18.06.2021 motteke søknad frå Stad kommune om å godkjenne Selje som typisk turiststad i perioden 15.mai til 15.september.

Etter lov av 24. februar 1995 nr. 12 om helligdager og helligdagsfred (helligdagsfredlova) § 5 sjette ledd kan Statsforvaltaren ved forskrift avgjere om eit område skal reknast som typisk turiststad for heile eller delar av året. Som typisk turiststad kan berre reknast område der salet i dei aktuelle periodane hovudsakleg skjer til turistar.

Ei slik forskrift vil føre til at alle butikkane i det aktuelle området innanfor den godkjende perioden automatisk kan halde ope alle dagar, også på søndagar og helligdagar.

Vi sender med dette saksdokumenta på høyring, og ber om at eventuelle merknader til søknaden vert sendt til Statsforvaltaren innan fire veker, det vil seie **innan måndag 23.august 2021**.

Avslutningsvis ber vi Stad kommune om å vurdere om dette brevet også bør sendast til andre lokale høyringsinstansar i kommunen som ikkje går fram av adresselista, og at brevet eventuelt vert vidaresendt til desse instansane.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Ove Midtbø
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

Søknad frå Stad kommune om godkjenning av Selje som typisk turiststad m/vedlegg



Adresseliste:

NHO VESTLAND	c/o NHO Hordaland Postboks 694 Sentrum	5807	BERGEN
STAD KYRKJELEGE FELLESRÅD AVD SELJE	KOMMUNEHUSET	6740	SELJE
Stad kommune	Rådhusvegen 11	6770	NORDFJORDEID
HANDEL OG KONTOR I NORGE REGION VEST	Lars Hilles gate 19	5008	BERGEN
VESTLAND FYLKESKOMMUNE	Postboks 7900	5020	BERGEN
STAD KYRKJELEGE FELLESRÅD	Sjøgata 90	6770	NORDFJORDEID

Kopi per e-post:

Coop Nordvest v/lvar Dvergsdal